



Møteprotokoll

Utval: Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato: 18.06.2018
Tid: 09:00 - 13:00

Medlemer som møtte:

Børge Haugetun	Leiar	TVØ
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Svein Petter Bergh	Medlem	SL
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
May Elin Limevåg	Medlem	FRP
Jøgeir Sognnæs	Medlem	AP
Kjell Arve Vorland	Medlem	SP
Espen Harkestad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

Forfall:

Anita Garlid Johannessen	MEDL	FRP
Silvia Haugland	MEDL	Uavhengig

Varamedlemer som møtte:

Helena Morland Hansen	for Ernst Morten Einarsen	H - ugild sak 44/18
Helena Morland Hansen	for Tom Georg Indrevik	H - ugild sak 40/18
Daniel-Victor Sandvik	for Anita Garlid Johannessen	FRP
Ingen vara	for Silvia Haugland	Uavhengig

Andre:

Prosjektrådmann Rune Lid, kommunalsjef oppvekst Øygarden kommune Rune Landro, møtesekretær Unni Rygg.

Kari-Anne Landro

Børge Haugetun

Marianne Sandahl Bjorøy

underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 35/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 36/18	Referatsaker og orienteringar
RS 4/18	Presentasjon Danmark dag 2
PS 37/18	Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda
PS 38/18	Delegasjon til prosjektrådmann og oppretting av administrative tilsetjingsutval for tilsetjing i stillingar i Nye Øygarden kommune
PS 39/18	Tilsetjing av rådmann i Nye Øygarden kommune
PS 40/18	Sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar - handsaming etter høyingsrunde
PS 41/18	Overordna administrativ organisering (nivå 1) i Nye Øygarden kommune
PS 42/18	Sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur - Sluttbehandling etter høyring
PS 43/18	Lokaldemokrati og identitet - rammebudsjett for tiltak og arrangement - framhald i sak vedteke 16.april 2018
PS 44/18	Ny vidaregåande skule på Straume - tilråding av tomteval
PS 45/18	Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune
PS 46/18	Retningsliner for endring av adressenamn i samband med samanslåinga av Sund, Fjell og Øygarden kommunar.
PS 47/18	Samordning av adressesystem i Nye Øygarden kommune - framlegg til endringar av adressenamn

PS 35/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Det var seksten medlemer til stades i møtet i fellesnemnda då melding om forfall frå Silvia Haugland (Uavhengig) ikkje var nådd administrasjonen.

Innkalling og protokoll frå førre møte (16.04.18) vart godkjente utan merknader.

Sakslista vart godkjent med følgjande merknad:

Leiar Børge Haugetun bad om at sak 44/18 og deretter sak 40/18 vert skyve fram på sakslista og behandla fyrst av dei politiske sakene grunna vara for ugildskap, noko som resten av fellesnemnda var samde i.

Tom Georg Indrevik bad også om at administrasjonen kjem med ei juridisk utgreining om ugildskap for alle medlemene i fellesnemnda med tanke på verva som dei har gått inn i.

Prosjektrådmann Rune Lid tok med seg oppmodinga og bad samstundes medlemene om å gje melding om ev. ugildskap i ei sak før møtet.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll vert godkjent.

PS 36/18 Referatsaker og orienteringar

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

- Melding frå ordførar i Fjell kommune, Marianne Sandahl Bjorøy, om byvekstavtale-forhandlingar. Bjorøy viste til at Fjell og andre omegns-kommunar er invitert til å forhandle om byvekstavtale med Bergen kommune, men at krava i avtala med mål om nullvekst i personbiltrafikken bryt med intensjonsavtala for nye Øygarden kommune om at heile den nye kommunen skal takast i bruk. Fjell kommune v/ formannskapet, på lik line med Lindås og Os kommune, har protestert mot krava i byvekstavtala. Kommunane er invitert til fyrste forhandlingsmøte 24.august. Bjorøy ynskjer signal frå fellesnemnda om kva rolle fellesnemnda bør ha i byvekstavtale-forhandlingane. *Ernst M. Einarsen viste til at fellesnemnda bør få etablert eit organ som kan vere tett på diskusjonane om byvekstavtala. Leiar Børge Haugetun var samd i at fellesnemnda bør følgje vidare prosess med byvekstavtale-forhandlingar for å kunne påverke.*

Munnleg orientering v/ prosjektrådmann Rune Lid om status for Nye Øygarden kommune:

Lid gav kort statusmelding om prosjektorganisasjonen sidan førre møte i fellesnemnda. I prosjektmodellen er det særskilt styringsgruppa som har hatt fokus, og det er avgjort at fire hovudtillitsvalde og eit hovudverneombod vert tatt med i styringsgruppa saman med rådmenn og delprosjektleiarar. Elles er det prosessen med tilsetjing av kommunalsjefar som avgjerande, også for vidare framdriftsplan for nivå 2. Etter orienteringa kom det spørsmål om innovative innkjøp og skyggebudsjett, og begge områda vert ivaretakne i følgje prosjektrådmann Lid.

Referatsaker og orienteringar vart elles tekne til orientering.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering.

RS 4/18 Presentasjon Danmark dag 2

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Referatsaka vert teken til orientering.

PS 37/18 Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Det var ikkje sendt inn spørsmål frå medlemer av fellesnemnda i forkant av møtet, og det vart heller ikkje stilt spørsmål under behandlinga av saka.

PS 38/18 Delegasjon til prosjektrådmann og oppretting av administrative tilsetjingsutval for tilsetjing i stillingar i Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Tilsetjingsutvalet som Fellesnemnda har peika ut for tilsetjing av rådmann i ny kommune, får også mynde til å tilsetja Rune Lid i aktuell kommunalsjefstilling. Jf. vedtakspunkt 4 i PS-sak 30/18.
2. I tillegg til vedteke prosjektmandat for prosjektleiar, jf. Fellesnemnda sitt vedtak i sak 10/17, gjev Fellesnemnda delegasjon til prosjektrådmannen i samsvar med dei elleve punkta som er skissert i saka.
3. Fellesnemnda delegerer mynde til prosjektrådmannen og rådmennene å etablera administrative tilsetjingsutval slik det går fram av saka. Prosjektrådmannen får mynde til å vidaredelegera tilsetjingsmynde til tilsette kommunalsjefar i den nye kommunen.
4. Rådmann for nye Øygarden kommune overtek prosjektrådmannen sine fullmakter når vedkomande tek til i jobben, truleg frå 01.01.2019.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

1. Tilsetjingsutvalet som Fellesnemnda har peika ut for tilsetjing av rådmann i ny kommune, får også mynde til å tilsetja Rune Lid i aktuell kommunalsjefstilling. Jf. vedtakspunkt 4 i PS-sak 30/18.
2. I tillegg til vedteke prosjektmandat for prosjektleiar, jf. Fellesnemnda sitt vedtak i sak 10/17, gjev Fellesnemnda delegasjon til prosjektrådmannen i samsvar med dei elleve punkta som er skissert i saka.
3. Fellesnemnda delegerer mynde til prosjektrådmannen og rådmennene å etablera administrative tilsetjingsutval slik det går fram av saka. Prosjektrådmannen får mynde til å vidaredelegera tilsetjingsmynde til tilsette kommunalsjefar i den nye kommunen.
4. Rådmann for nye Øygarden kommune overtek prosjektrådmannen sine fullmakter når vedkomande tek til i jobben, truleg frå 01.01.2019.

PS 39/18 Tilsetjing av rådmann i Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Fellesnemnda godkjenner skisse til kvalifikasjonar for rådmann for Nye Øygarden kommune.
2. Fellesnemnda godkjenner oppdatert framdriftsplan for rekruttering av rådmann for Nye Øygarden kommune.
3. Fellesnemnda gir tilsettingsutvalet mandat til å fastsetja rådmannen si løn.
4. Fellesnemnda tar til orientering informasjon om anbodskonkurransen for å inngå ein rammeavtale på rekrutteringstenester.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Det kom kommentar frå Egil Haaland om å presisere i den vidare rekrutteringsprosessen at dei tillitsvalte er viktig samarbeidspart for rådmannen.

Innstillinga vart elles samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

1. Fellesnemnda godkjenner skisse til kvalifikasjonar for rådmann for Nye Øygarden kommune.
2. Fellesnemnda godkjenner oppdatert framdriftsplan for rekruttering av rådmann for Nye Øygarden kommune.
3. Fellesnemnda gir tilsettingsutvalet mandat til å fastsetja rådmannen si løn.
4. Fellesnemnda tar til orientering informasjon om anbodskonkurransen for å inngå ein rammeavtale på rekrutteringstenester.

PS 40/18 Sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar - handsaming etter høyingsrunde

Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek alle tiltak, om organisering, slik dei framkjem i rapporten med unnatak av dei tiltaka som er nemnde i punkt 2-10. Fellesnemnda ber om at prosjektrådmannen legg fram ein gjennomføringsplan i eit seinare møte i fellesnemnda.
2. Fellesnemnda vedtek å fusjonera SundVA med FjellVAR som får det nye namnet ØyVA(R). Selskapet må vera operativt frå 01.01.2020. Reglane om verksemder-overdraging i arbeidsmiljølova (§ 16) gjeld. Arbeidet med denne prosessen startar straks og vert sikra med juridisk bistand.
3. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å utarbeida ei fagleg og økonomisk utgreiing om ulike løysingsalternativ for renovasjonstenestene som syner fordelar og ulemper for innbyggjarane samt ei konsekvensanalyse som avdekker ulike økonomiske forhold ved å behalda renovasjonstenestene i ØyVAR eventuelt i BIR. Konsekvensanalysen bør ta utgangspunkt i kva som er den beste løysinga for innbyggjarane. Dette arbeidet vert starta straks.
4. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen å greia ut vidare eit alternativ med etablering av eit eige næringsutviklingsselskap (Øygarden næring og utvikling AS). Saka må avklara arbeidsoppgåver, finansiering og langsiktige driftsforhold. Arbeidet med dette startar hausten 2018.
5. Fellesnemnda vedtek å ikkje etablira eige eigedomsselskap for kommunale næringseigedomar (Øygarden næringseigedom AS). Forvaltninga av kommunale næringseigedomar inngår i kommunen si drift (KE). Konsekvensane av vedtaket vert innarbeidd i plan for overordna administrativ organisering
6. Fellesnemnda vedtek å organisera kommunale eigedommar som ein del av den kommunale drifta (KE) og ikkje i eit kommunalt føretak (KF). Dette inkluderer både utleigebustadar, kommunale bygg og eigedomar elles. Konsekvensane av vedtaket vert innarbeidd i plan for overordna administrativ organisering.
7. Fellesnemnda vedtek at Øygarden brann og redning (ØBR) vert organisert som ei kommunal eining (KE) og ikkje som eit kommunalt føretak (KF). Reglane om

- verksemldsoverdraging i arbeidsmiljølova (§ 16) gjeld. Konsekvensane av vedtaket vert innarbeidd i plan for overordna administrativ organisering.
8. Fellesnemnda vedtek å føra eigarskapen og samarbeidet med Trigger Jobb AS vidare. Nye Øygarden kommune må gå i dialog og etablera faste eigarmøte for å utvikla samarbeidet vidare, jf. uttale frå Trigger Jobb AS. Dette arbeidet vert starta snarast råd.
 9. Fellesnemnda vedtek at Nye Øygarden kommune vert medlem av nettverket «Sunne kommunar» frå 01.01.2020.
 10. Fellesnemnda vedtek at Nye Øygarden kommune vert medlem av Vest-Norges Brüsselkontor frå 01.01.2020.

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

Partssamansett utval drøfta sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar nøyne, med særskilt vekt på å få fremja dei tillitsvalte sine innspel. Det kom kommentar om å rette opp i skrivefeil i punkt 8 i innstillinga.

Det vart fremja to protokolltilførslar som vil følgje saka vidare til behandling i fellesnemnda.

Protokolltilførsel frå organisasjonane i Vest, fremja av Hildegunn Høyland HTV Fag forbundet Sund:

Organisasjonane har ikkje fått medverka i denne omorganiseringa og krev prosess og drøftingar for å kunne ivareta tilsette sine rettar. Organisasjonane er ikkje informert om kva som er konsekvensen for tilsette innanfor t.d. reinhald, drift, vaktmeister, vedlikehald, transport; sjølve tenestene dersom arbeidsgjevar tenkjer alt overført til eit felles kommunalt føretak. Viser til hovudavtala (HA) del B § 3-1 c).

Følgjande framlegg frå Høgre, fremja av Tom Georg Indrevik, vart ikkje stemt over og vil følgje saka vidare som **protokolltilførsel**:

Endring i innstillinga punkt 4 – 7:

4. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen å greia ut vidare eit alternativ med etablering av eit eige næringsutviklingselskap (Øygarden næring og utvikling AS). Saka må avklara arbeidsoppgåver, finansiering og langsiktige driftsforhold. Arbeidet med dette startar hausten 2018. Utgreiinga bør ta utgangspunkt i Innovasjon Norge sitt prosjekt for regional næringsutvikling.
5. Fellesnemnda vedtek å greia ut vidare eit alternativ med etablering av eit eige eigedomsselskap for kommunale næringseigedomar (Øygarden næringseigedom AS).
6. Fellesnemnda vedtek å organisera kommunale eigedommar som eit kommunalt føretak (KF). Dette inkluderer både utleigebustadar, kommunale bygg og eigedomar elles.
7. Fellesnemnda vedtek at Øygarden brann og redning (ØBR) vert organisert som eit kommunalt føretak (KF).

Punkt 9 og 10 blir fyrst tatt stilling til ved behandling av budsjettet for 2020.

Partssamansett utval vedtok samrøystes å ta innspela frå partane, under drøftinga, til orientering.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

Partssamansett utval tek innspela frå partane, under drøftinga, til orientering.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Tom Georg Indrevik bad fellesnemnda vurdere om han er ugild då han er styreleiar i Gode Sirklar AS. I diskusjonen om ugildskap vart det vist til at det er ei skjønnsmessig vurdering, og fleire medlemer trakk fram varsemdprinsippet som tilseier ugildskap. Fellesnemnda stemte over om Indrevik var ugild, noko som vart vedteke med 11 røyster (mindretallet 4: 2 H, 1 SL, 1 FrP).

Ved behandlinga av saka gjekk Helena Morland Hansen inn som vara for Tom Georg Indrevik, og det var såleis seksten medlemer til stades.

Fellesnemnda drøfta saka grundig, og møtet vart heva for gruppemøte.

Det vart vist til protokolltilførsel frå dei hovudtillitsvalde ved behandling av saka i møtet i partssamansett utval 12.06.18, og at det vil bli gjennomført drøftingar med dei tillitsvalte i høve til lovverket ved eventuelle vedtak i fellesnemnda.

Diskusjonen landa på framlegg frå Helena Morland Hansen om følgjande nye punkt 4-7 og nytt punkt 10, med justert punkt 6 ved Jøgeir Sognnæs:

4. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen å greia ut vidare eit alternativ med etablering av eit eige næringsutviklingselskap (Øygarden næring og utvikling AS). Saka må avklara arbeidsoppgåver, finansiering og langsiktige driftsforhold. Arbeidet med dette startar opp hausten 2018. Utgreiinga bør ta utgangspunkt i Innovasjon Norge sitt prosjekt for regional næringsutvikling.
 5. Fellesnemnda vedtek å greia ut vidare eit alternativ med etablering av eit eige eigedomsselskap for kommunale næringseigedomar (Øygarden næringseigedom AS). Arbeidet med dette kan utsettast til den nye kommunen er etablert.
 6. Fellesnemnda vedtek å organisera kommunale utleigebustader som eit kommunalt føretak (KF). Eventuell overføring av andre kommunale bygg og eigedomar blir å komme attende til etter at den nye kommunen er etablert.
 7. Fellesnemnda vedtek at Øygarden brann og redning (ØBR) vert organisert som eit kommunalt føretak (KF).
10. Fellesnemnda vedtek at eventuelt medlemskap for Nye Øygarden kommune i Vest-Norges Brüsselkontor fyrst blir tatt stilling til ved behandling av budsjettet for 2020.

Innstillinga vart sett opp mot framlegga lagt fram i møtet, og stemt over punktvise.

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteke.

Framlegg om nytt punkt 4 fekk 9 røyster (mindretallet 7: 4 AP, 1 SP, 1 V, 1 TVØ) og **vart vedteke.**

Framlegg om nytt punkt 5 fekk 9 røyster (mindretallet 7: 4 AP, 1 SP, 1 V, 1 TVØ) og **vart vedteke.**

Framlegg om nytt punkt 6, fyrste setning, vart samrøystes vedteke.

Framlegg om nytt punkt 6, andre setning, vart vedteken med 12 røyster (mindretallet: 4 AP).

Framlegg om nytt punkt 7 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 8-9 vart samrøystes vedteke.

Framlegg om nytt punkt 10 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

1. Fellesnemnda vedtek alle tiltak, om organisering, slik dei framkjem i rapporten med unnatak av dei tiltaka som er nemnde i punkt 2-10. Fellesnemnda ber om at prosjektrådmannen legg fram ein gjennomføringsplan i eit seinare møte i fellesnemnda.
2. Fellesnemnda vedtek å fusjonera SundVA med FjellVAR som får det nye namnet ØyVA(R). Selskapet må vera operativt frå 01.01.2020. Reglane om verksemds-overdraging i arbeidsmiljølova (§ 16) gjeld. Arbeidet med denne prosessen startar straks og vert sikra med juridisk bistand.
3. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å utarbeida ei fagleg og økonomisk utgreiing om ulike løysingsalternativ for renovasjonstenestene som syner fordelar og ulemper for innbyggjarane samt ei konsekvensanalyse som avdekker ulike økonomiske forhold ved å behalda renovasjonstenestene i ØyVAR eventuelt i BIR. Konsekvensanalysen bør ta utgangspunkt i kva som er den beste løysinga for innbyggjarane. Dette arbeidet vert starta straks.
4. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen å greia ut vidare eit alternativ med etablering av eit eige næringsutviklingselskap (Øygarden næring og utvikling AS). Saka må avklara arbeidsoppgåver, finansiering og langsiktige driftsforhold. Arbeidet med dette startar opp hausten 2018. Utgreiinga bør ta utgangspunkt i Innovasjon Norge sitt prosjekt for regional næringsutvikling.
5. Fellesnemnda vedtek å greia ut vidare eit alternativ med etablering av eit eige eigedomsselskap for kommunale næringseigedomar (Øygarden næringseigedom AS). Arbeidet med dette kan utsettast til den nye kommunen er etablert.
6. Fellesnemnda vedtek å organisera kommunale utlegebustader som eit kommunalt føretak (KF). Eventuell overføring av andre kommunale bygg og eigedomar blir å komme attende til etter at den nye kommunen er etablert.
7. Fellesnemnda vedtek at Øygarden brann og redning (ØBR) vert organisert som eit kommunalt føretak (KF).
8. Fellesnemnda vedtek å føra eigarskapen og samarbeidet med Trigger Jobb AS vidare. Nye Øygarden kommune må gå i dialog og etablira faste eigarmøte for å utvikla samarbeidet vidare, jf. uttale frå Trigger Jobb AS. Dette arbeidet vert starta snarast råd.
9. Fellesnemnda vedtek at Nye Øygarden kommune vert medlem av nettverket «Sunne kommunar» frå 01.01.2020.
10. Fellesnemnda vedtek at eventuelt medlemskap for Nye Øygarden kommune i Vest-Norges Brüsselkontor frå 01.01.2020, først blir tatt stilling til ved behandling av budsjettet for 2020.

PS 41/18 Overordna administrativ organisering (nivå 1) i Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Fellesnemnda godkjenner framlegg til administrativ organisering av nivå 1, slik det går fram av organisasjonskartet i saka. Den overordna organiseringa gjeld rådmann, tre kommunalsjefar for tenesteområda og to kommunalsjefar for stab- og støttefunksjonar.
2. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen sikra framdrift i vidare prosessar med organisering av Nye Øygarden kommune.

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

Prosjektrådmann Rune Lid svarte på spørsmål om overordna administrativ organisering og kom med avklaringar, særskilt om tonivå-modellen, tilsettingsprosessen vidare og påfølgjande bygging av den nye organisasjonen.

Tillitsvalte kom med kommentar om at prosessen i denne saka har vore god og at uttaler frå organisasjonane ligg ved saka.

Følgjande framlegg frå Høgre, fremja av Tom Georg Indrevik, vart ikkje stemt over og vil følgje saka vidare som protokolltilførsel:

Framlegg til vedtak:

1. Fellesnemnda meiner at det er gjort eit godt arbeid i å synleggjere fordelar og ulemper med modellen som er føreslått. I det vidare arbeidet ber fellesnemnda om at utgreiinga har eit tydelegare utgangspunkt i tenestemottakar sitt behov.
2. Organiseringa av nye Øygarden Kommune må byggje på følgjande prinsipp:
 - a. Delegasjon av mynde / ansvar til nivået nærmast mogleg tenestemottakar
 - b. Tydelege og klare ansvarsforhold
 - c. Stimulere til utstrakt innovasjon og utvikling
 - d. Legge til rette for samarbeid mellom ulike delar av den kommunale administrasjonen
3. Fellesnemnda beklagar at det berre er presentert eit alternativ til administrativ organisering.
4. Fellesnemnda ynskjer at talet på kommunalsjefar vert redusert til 3. med følgjande ansvar:
 - i. Kommunalsjef for drift og leveranse av kommunale tenester
 - ii. Kommunalsjef for plan, næring og samfunnsutvikling
 - iii. Kommunalsjef for innovasjon og fellestenester

Innstillinga vart deretter samrøystes tilrådd frå partsamansett utval til fellesnemnda.

Tilråding i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 12.06.2018:

1. Fellesnemnda godkjenner framlegg til administrativ organisering av nivå 1, slik det går fram av organisasjonskartet i saka. Den overordna organiseringa gjeld rådmann, tre kommunalsjefar for tenesteområda og to kommunalsjefar for stab- og støttefunksjonar.
2. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen sikra framdrift i vidare prosessar med organisering av Nye Øygarden kommune.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Framlegg frå Tom Georg Indrevik om nytt punkt 3, ei ytterlegare presisering av innstillinga punkt 1 og 2:

3. Fellesnemnda meiner at det er gjort eit godt arbeid i å synleggjere fordelar og ulemper med modellen som er føreslått. I det vidare arbeidet ber fellesnemnda om at utgreiinga har eit tydelegare utgangspunkt i tenestemottakar sitt behov.

Organiseringa av nye Øygarden Kommune må byggje på følgjande prinsipp:

- a. Delegasjon av mynde / ansvar til nivået nærmest mogleg tenestemottakar
- b. Tydelege og klare ansvarsforhold
- c. Stimulere til utstrakt innovasjon og utvikling
- d. Legge til rette for samarbeid mellom ulike delar av den kommunale administrasjonen

Fellesnemnda ber om at det i det vidare arbeidet særskilt blir sett på korleis ein skal løysa utfordringar i høve til oppgåver som krev samhandling mellom dei ulike kommunalområda.

Når det gjeld namn på dei ulike kommunalområda ber fellesnemnda prosjektrådmannen om å vurdere desse på nytt, sett opp mot innspel, intensjonsavtala og drøfting i fellesnemnda.

Framlegget om nytt punkt 3 vart vedteke med 13 røyster (mindretallet: 3 AP).

Innstillinga og tilrådinga frå partssamansett utval, **punkt 1 og 2**, vart **samrøystes vedtekne**.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

1. Fellesnemnda godkjenner framlegg til administrativ organisering av nivå 1, slik det går fram av organisasjonskartet i saka. Den overordna organiseringa gjeld rådmann, tre kommunalsjefar for tenesteområda og to kommunalsjefar for stab- og støttefunksjonar.
2. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen sikra framdrift i vidare prosessar med organisering av Nye Øygarden kommune.
3. Fellesnemnda meiner at det er gjort eit godt arbeid i å synleggjere fordelar og ulemper med modellen som er føreslått. I det vidare arbeidet ber fellesnemnda om at utgreiinga har eit tydelegare utgangspunkt i tenestemottakar sitt behov.

Organiseringa av nye Øygarden Kommune må byggje på følgjande prinsipp:

- a. Delegasjon av mynde / ansvar til nivået nærmest mogleg tenestemottakar
- b. Tydelege og klare ansvarsforhold
- c. Stimulere til utstrakt innovasjon og utvikling
- d. Legge til rette for samarbeid mellom ulike delar av den kommunale administrasjonen

Fellesnemnda ber om at det i det vidare arbeidet særskilt blir sett på korleis ein skal løysa utfordringar i høve til oppgåver som krev samhandling mellom dei ulike kommunalområda.

Når det gjeld namn på dei ulike kommunalområda ber fellesnemnda prosjektrådmannen om å vurdere desse på nytt, sett opp mot innspel, intensjonsavtala og drøfting i fellesnemnda.

PS 42/18 Sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur - Sluttbehandling etter høyring

Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek å legge Sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur til grunn for den politiske organiseringa av Nye Øygarden kommune, inkludert framlegg til reglement for delegering av politisk mynde, reglement for møte, og ordningar for godtgjersle for dei folkevalde.
2. Fellesnemnda legg til grunn utvalet si tilråding av politisk organisasjonsmodell med same struktur (formannskap, to hovudutval og kontrollutval), og med dei same namn og funksjonar som går fram av rapporten.
3. Fellesnemnda legg til grunn at utval for politisk styringsstruktur sine framlegg til møtetidspunkt for kommunestyret, formannskapet og hovudutvala vert gjeldande i Nye Øygarden kommune.
4. Fellesnemnda legg til grunn at utval for politisk styringsstruktur sine framlegg til andre utval enn hovudutvala,- jf kap.7 i sluttrapporten, vert implementert i organiseringa av Nye Øygarden kommune.
5. Fellesnemnda godkjenner dei ulike satsane og ordningane for godtgjersle til folkevalde som går fram av del 4, kap. 19 – 24 i rapporten.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Det kom fleire framlegg om endringar til innstillinga.

Framlegg frå Kari-Anne Landro om nytt punkt 6:

6. Fellesnemnda ønskjer å gje eit tilleggsmandat til utvalet som har jobba med politisk organisering. Gentofte kommune i Danmark har innført ein modell med oppgåveutval, for å utvikle lokaldemokratiet og få innbyggjarar og brukargrupper tettare på dei politiske prosessane og for å sikre auka medverknad. Fellesnemnda ber utvalet for politisk organisering skissere opp modellar for korleis noko tilsvarande kan byggast opp for nye Øygarden kommune og presentere ei slik skisse for Fellesnemnda innan utgangen av 2018.

Framlegg frå Daniel-Victor Sandvik om nytt punkt 2:

2. Fellesnemnda vedtek den opphavlege intensjonsavtala sin modell for politisk organisering med fire hovudutval, formannskap og kontrollutval med dei namn og funksjonar som går fram av den opphavlege intensjonsavtala.

Hovudutvala skal heite:

1. Hovudutval for oppvekst og kultur.
2. Hovudutval for helse og omsorg.
3. Hovudutval for nærings- og samfunnsutvikling.
4. Hovudutval for areal og plansaker.

Framlegg frå Egil Haaland om at innstillinga punkt 5 vert godkjent med følgjande endringar:

- Sluttrapport punkt 22, 1.setning, endra til: «Folkevalde i verv på **40 %** eller meir av 1/1

stilling, vert meld inn i same pensjonskasse som tilsette i kommunen».

- Sluttrapport punkt 19.3, 1.setning, endra til: «Medlemene av formannskapet **og hovudutvala** får ein fast årleg godtgjersle tilsvarende 8 % av ordføraren si».
- Sluttrapport punkt 20, 3.avsnitt Gruppe A: 2 o/oo av ordføraren si godtgjersle – 3.kulepunkt, endra til «**Møtande varamedlemmer** i hovudutvala».

Innstillingsa vart sett opp mot framlegga lagt fram i møtet, og stemt over punktvis.

Innstillingsa punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Innstillingsa punkt 2 fekk 13 røyster og vart vedteken (Mindretallet 3: 2 FrP, 1 SL).

Innstillingsa punkt 3 og punkt 4 vart samrøystes vedtekne.

Innstillingsa punkt 5 vart samrøystes vedteken med endringar i framleggget frå Haaland.

Framlegg om nytt punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

1. Fellesnemnda vedtek å legge Sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur til grunn for den politiske organiseringa av Nye Øygarden kommune, inkludert framlegg til reglement for delegering av politisk mynde, reglement for møte, og ordningar for godtgjersle for dei folkevalde.
2. Fellesnemnda legg til grunn utvalet si tilråding av politisk organisasjonsmodell med same struktur (formannskap, to hovudutval og kontrollutval), og med dei same namn og funksjonar som går fram av rapporten.
3. Fellesnemnda legg til grunn at utval for politisk styringsstruktur sine framlegg til møtetidspunkt for kommunestyret, formannskapet og hovudutvala vert gjeldande i Nye Øygarden kommune.
4. Fellesnemnda legg til grunn at utval for politisk styringsstruktur sine framlegg til andre utval enn hovudutvala,- jf. kap.7 i sluttrapporten, vert implementert i organiseringa av Nye Øygarden kommune.
5. Fellesnemnda godkjener dei ulike satsane og ordningane for godtgjersle til folkevalde som går fram av del 4, kap. 19 – 24 i rapporten, med følgjande endringar:
 - Sluttrapport punkt 22, 1.setning, endra til: «Folkevalde i verv på 40 % eller meir av 1/1 stilling, vert meld inn i same pensjonskasse som tilsette i kommunen».
 - Sluttrapport punkt 19.3, 1.setning, endra til: «Medlemene av formannskapet og hovudutvala får ein fast årleg godtgjersle tilsvarende 8 % av ordføraren si».
 - Sluttrapport punkt 20, 3.avsnitt Gruppe A: 2 o/oo av ordføraren si godtgjersle – 3.kulepunkt, endra til «**Møtande varamedlemmer** i hovudutvala».
6. Fellesnemnda ønskjer å gje eit tilleggsmandat til utvalet som har jobba med politisk organisering. Gentofte kommune i Danmark har innført ein modell med oppgåveutval, for å utvikle lokaldemokratiet og få innbyggjarar og brukargrupper tettare på dei politiske prosessane og for å sikre auka medverknad. Fellesnemnda ber utvalet for politisk organisering skissere opp modellar for korleis noko tilsvarande kan byggast opp for nye Øygarden kommune og presentere ei slik skisse for Fellesnemnda innan utgangen av 2018.

PS 43/18 Lokaldemokrati og identitet - rammebudsjett for tiltak og arrangement - framhald i sak vedteke 16.april 2018

Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek å løyva kr 260 000 til marknadsføring, profilering og kommunikasjon for 2018.
2. Arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet sin kommunikasjonsplan internt og eksternt skal integrerast i fellesnemnda si overordna kommunikasjonsplan.
3. Prosjektrådmannen får i oppdrag setja av midlar til MOT festival 2019 i neste års budsjett med ei fordelingsnøkkel mellom fellesnemnda og kommunane i Nye Øygarden kommune.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Leiar av arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet, Tom Georg Indrevik, viste til at det er sendt ut spørjeundersøking på SMS til innbyggjarar i dei tre kommunane, om kartlegging av identitet og samkjensle, med frist 26.juni.

I saksopplysingane vert det vist til at ein representant frå fellesnemnda bør tre inn i programkomiteen til Øygardskonferansen. Det kom forslag frå Egil Haaland om at leiar for fellesnemnda, Børge Haugetun, vert valt som representant i programkomiteen noko som resten av fellesnemnda var samde i som nytt punkt 4.

Innstillinga vart elles samrøystes vedteken, med presiseringa i nytt punkt 4.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

1. Fellesnemnda vedtek å løyva kr 260 000 til marknadsføring, profilering og kommunikasjon for 2018.
2. Arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet sin kommunikasjonsplan internt og eksternt skal integrerast i fellesnemnda sin overordna kommunikasjonsplan.
3. Prosjektrådmannen får i oppdrag å setja av midlar til MOT festival 2019 i neste års budsjett med ei fordelingsnøkkel mellom fellesnemnda og kommunane i Nye Øygarden kommune.
4. Leiar for fellesnemnda, Børge Haugetun, vert valt som representant i programkomiteen til Øygardskonferansen.

PS 44/18 Ny vidaregåande skule på Straume - tilråding av tomteval

Innstilling:

1. Fellesnemnda tilrår tomt 45 for bygging av ny vidaregåande skule på Straume.
2. Fellesnemnda ber dei tre ordførarane forhandla med fylkeskommunen både om pris på tomen og eventuelt makebyte når det gjeld eksisterande vidaregåande skular på Bildøy og i Sund.
3. Fellesnemnda er innforstått med at det er Fjell kommune som er formell eigar av tomt 45 på Straume og soleis er den formelle forhandlingspart i høve fylkeskommunen fram til den nye kommunen er etablert 01.01.2020.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Ernst Morten Einarsen sa seg ugild i saka då han er eigarrepresentant i eit selskap på tomt 47: Branndalsåsen, eit av tomtealternativa i rapport frå Norconsult. Fellesnemnda var samd i Einarsen si vurdering, og Helena Morland Hansen gjekk inn som vara for Einarsen.

Kommunalsjef oppvekst Øygarden kommune, Rune Landro, heldt ei orientering om «Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune». I prosjektvisjonen vert ny vidaregåande skule på Sotra samla i eit område med andre institusjonar innan utdanning, næringsliv og offentleg sektor, for å møte behova for samhandling i utdanningssektoren. Arbeidet med prosjektet er forventa ferdigstilt mai / juni 2019. Styringsgruppa i Framtidas kunnskapsklynge har også kome med uttale til lokalisering av den nye vidaregåande skulen, og i uttala vert tomt 45, same tomteval som i innstillinga, tilrådd.

Fellesnemnda drøfta saka grundig, og møtet vart heva for gruppemøter.

Framlegg frå Kari-Anne Landro om nytt punkt 1 og nytt punkt 4:

1. Fellesnemnda meiner at omsyn til elevane må setjast først ved val av ny tomt til vidaregåande skule. Sotra vidaregåande skule, Bildøy, har i dag gamle og på de fleste område utdaterte lokale. Det er difor avgjerande at tomteval ikkje påverkar framdrifta.

Fellesnemnda meiner at det er to alternativ, tomt 41 Bildøytangen og tomt 45 Stovevatnet, som peikar seg ut. Fellesnemnda ynskjer å gå i vidare dialog med Hordaland fylkeskommune knytt til desse to alternativa.

4. For tomt 41 føreset fellesnemnda at tomta vert overført til kommunalt eige dersom dette vert den aktuelle tomta.

Innstillinga vart sett opp mot framlegga lagt fram i møtet, og stemt over punktvis.

Framlegg om nytt punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken med følgjande justering: «... Fjell kommune som **vert** formell eigar...» .

Framlegg om nytt punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

1. Fellesnemnda meiner at omsyn til elevane må setjast først ved val av ny tomt til vidaregåande skule. Sotra vidaregåande skule, Bildøy, har i dag gamle og på de fleste område utdaterte lokale. Det er difor avgjerande at tomteval ikkje påverkar framdrifta.
2. Fellesnemnda meiner at det er to alternativ, tomt 41 Bildøytangen og tomt 45 Stovevatnet, som peikar seg ut. Fellesnemnda ynskjer å gå i vidare dialog med Hordaland fylkeskommune knytt til desse to alternativa.
3. Fellesnemnda ber dei tre ordførarane forhandla med fylkeskommunen både om pris på tomen og eventuelt makebytte når det gjeld eksisterande vidaregåande skular på Bildøy

og i Sund.

4. Fellesnemnda er innforstått med at det er Fjell kommune som vert formell eigar av tomt 45 på Straume og soleis er den formelle forhandlingspart i høve fylkeskommunen fram til den nye kommunen er etablert 01.01.2020.
5. For tomt 41 føreset fellesnemnda at tomta vert overført til kommunalt eige dersom dette vert den aktuelle tomta.

PS 45/18 Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Fellesnemnda løyver kr 200 000 eks moms til prosjektet «Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune».
2. Prosjektrådmannen finn dekning innafor avsette midlar til kommunesamanslåinga.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

1. Fellesnemnda løyver kr 200 000 eks moms til prosjektet «Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune».
2. Prosjektrådmannen finn dekning innafor avsette midlar til kommunesamanslåinga.

PS 46/18 Retningslinjer for endring av adressenamn i samband med samanslåinga av Sund, Fjell og Øygarden kommunar.

Innstilling:

1. Fellesnemnda i Nye Øygarden kommune vedtek dei lokale retningslinene for endringar av adressenamn slik dei går fram av saksframlegg m/vedlegg.
2. Kostnadene for gjennomføring av endringane, inkl. informasjon og kunngjering, og innkjøp av husnummerskilt og tilhøyrande materiale, vert dekka av prosjekt Nye Øygarden kommune.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

1. Fellesnemnda i Nye Øygarden kommune vedtek dei lokale retningslinene for endringar av adressenamn slik dei går fram av saksframlegg m/vedlegg.
2. Kostnadene for gjennomføring av endringane, inkl. informasjon og kunngjering, og innkjøp av husnummerskilt og tilhøyrande materiale, vert dekka av prosjekt Nye Øygarden kommune.

PS 47/18 Samordning av adressesystem i Nye Øygarden kommune - framlegg til endringar av adressenamn

Innstilling:

Fellesnemnda i Nye Øygarden kommune vedtek endringar i adressenamna i Nye Øygarden kommune i samsvar med tilrådinga i saka.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

Fellesnemnda i Nye Øygarden kommune vedtek endringar i adressenamna i Nye Øygarden kommune i samsvar med tilrådinga i saka.